

## RELIGIONSKRITIKK – KVIFOR OG KORLEIS?

### I

Det finst ulike (dels overlappande) former for religionskritikk, kort sagt:

- (i) *Moralsk basert religionskritikk* søker å vise at (visse former for) religion er moralsk problematisk eller forkasteleg. Det kan gjelde utsegner og påbod som ligg føre i religiøse skrifter eller læresetningar, og det kan gjelde handlingar og haldningar som kan tilskrivast religiøse personar og institusjonar.
- (ii) *Ekstern religionskritikk* søker å vise at (visse former for) religion berre er eit epi-fenomen, eit uttrykk for underliggjande psykologiske eller sosiale forhold.
- (iii) *Intern religionskritikk* søker å ta (visse former for) religion 'på ordet' og slik rette ein intellektuell kritikk mot presisjonsnivået og sanningsgehalten i det som blir sagt eller underforstått.

Vi skal her skjere litt på tvers, men ha hovudfokus på dei to sist nemnde typane av religionskritikk. Aller først ei påminning:

- (i) **Ytre, årsaksforklarande:** sosiale årsaker, t.d. Marx (religion som opium for folket, og dermed som falskt medvit), eller psykologiske og psykiatriske årsaker, t.d. Freud (religion som psykologisk fortrenging). (Så finst det også kultursosiologiske **pro**-argument, t.d. hos Durkheim, som ser religion viktig for samhaldet.)
- (ii) **Historisk positivisme:** sekulariseringstese, t.d. Comte (som ser historia som ei utvikling over ulike stadie: det religiøse, det metafysiske, og det vitskaplege). (**Motargument**, t.d. Habermas, som i seinare skrifter stiller

seg avvisande til sekulariseringstesen og framhevar at religionen kan vere berar av innsikter og verdiar som trengst i moderne samfunn.)

- (iii) **Naturvitenskapleg kunnskap:** universets opphav (paleontologi), universets struktur og omfang (Kepler, Galileo), naturvitenskaplege forklaringar (Newton; Gud som ”urmakar”, men ikkje rom for magi eller mirakel), artsutvikling, på bakgrunn av dramatiske kosmologiske hendingar (Darwin). (Kvar og ein av desse utfordringane har kravt teologiske tilsvar. Men ut frå dette, samla sett, framstår ikkje universet som ein trygg og vennleg stad.)
- (iv) **Logisk positivisme:** erkjeningsteori, ut frå spørsmålet: kva for utsegner som kan vere kognitivt meiningsfulle? Svar: Velformulerte, empirisk testbare (verifiserbare) utsegner (Alfred Ayer, og Wienerskulen, t.d. Carnap).

## II

Så, eit tentativt **tilbakeblikk**, på situasjonen her i landet, frå etterkrigstid og fram til i dag:

Den gong, i etterkrigstida, kan situasjonen grovt sagt omtala slik:

- (a) religion er (protestantisk) kristendom;
- (b) religion gir grunnlag for moral (i motsetning til vitskapen);
- (c) men religionen står under erkjeningsteoretisk press frå kulturradikalisme (og logisk positivisme);
- (d) samtidig, for mange framstår religion som eit bolverk mot bestialitet.

I dag opplever vi ei revitalisering av religion, men situasjonen har endra seg:

- (a) religion, kva er det i dag?
- (b) vi er omgitt av eit mangfold av trusretningar; derfor er det behov for universelle konfesjonsoverskridande normer;

- (c) men det erkjenningssteoretiske presset er redusert (jf positivismekritikk, t.d. Skjervheim); det er i større grad intellektuelt stovereint å vere religiøs;
- (d) samtidig opplever vi politisert religion, ofte utan modererande (moderne) teologi; religion framstår dermed som eit problem: moderne våpen og teknologi på den eine sida og formoderne holdningar og institusjonar på den andre (jf tilsvarende konstellasjonar i mellomkrigstida).

### III

Ein viktig semantisk merknad, ut frå spørsmålet: Religionskritikk, kva med termane? Vi skal sjå på (v) **"religion"** og (vi) **"kritikk"**

- (v) **Språkleg (semantisk) mangfald:** I dag kan ordet "religion" romme alt frå ulike og ofte motstridande versjonar av kvar av dei tre monoteistiske religionane (jødedom, kristendom og islam) til New Age, satanisme og heksetru av gammal og ny dato, forutan andre verdsreligionar (som taoisme, hinduisme og buddhisme) og ulike former for religiøs praksis med og utan gudstru og teologiske tesar. For eksempel: er det tale om éin gud, eller mange, eller ingen? Er gud radikalt skilt frå verda og menneska, eller er det overgangar mellom gudar og menneske og mellom gud og verda? Er gud god, eller vond, eller både-og? Og kven har då rett til å bestemme (for andre) kva som fell innanfor og utanfor når vi talar om "religion"? Dette er eit logisk (semantisk) poeng med vidtrekkande praktiske konsekvensar, både rettsleg og politisk: Denne ubestemte pluralismen inneber at ein allmenn appell om allmenne religiøse rettar av juridisk og økonomisk art ikkje lenger har ei eintydig meaning. Spørsmålet er derfor: dersom det er spesielle grunnar til at bestemte former for religion fortener respekt og støtte, må dette presiserast og grunngjevast særskilt i kvart tilfelle, med allmenngyldige argument.
- (vi) **"Kritikk",** med tanke på religionskritikk er det viktig å skilje mellom to ulike tydingar: (a) kritikk som negativ avvising, og (b) kritikk som **lutring** (jf Kants 'Kritikk av den praktiske fornuft', for Kant er det tale om ei

lutrande utprøving, ikkje ei avvising av den praktiske fornuft). (Jf rolla til ”djevelens advokat”, *advocatus diaboli*, som ”forsvarar av trua”, i samband med prosessane for salig-gjering i mellomalderen: motargumenta må fram og prøvast, før vedtak blir fatta.)

## IV

Med andre ord, ”religion” er så mangt. Mangt ved religion og det religiøse liv ligg hinsides vitskap og fornuft, og her er det tale om eit innside-perspektiv som berre er tilgjengeleg for dei som sjølve står innanfor. Men når det gjeld dei **tre monoteistiske religionane**, stiller det seg annleis. Desse religionane har det til felles at dei er:

- (a) tekstbaserte, ved **heilage skrifter**
- (b) med innebygde **gyldigheitskrav.**

Derfor er det for desse religionane eit indre behov for (og grunnlag for) **teologi** – utover indre religiøse opplevingar som berre er tilgjengelege før dei det gjeld, og utover ytre forklaringar av ymse slag. Derfor er det grunnlag for desse merknadene:

- (a) Ingen tekst tolkar seg sjølv; det er behov for tolking, for **filologisk-historisk teksttolking** (jf t.d. Spinoza); kort sagt, teologi som fag.

Då er situasjonen slik: Det finst andre heilage tekstar enn ”eins eigne”, og det finst andre tolkingar av ”eigne” tekstar. Derfor trengst det argument for eigne tolkingar av eigne tekstar. Dette opnar for sjølvkritisk refleksjon og argumentasjon; med andre ord, det er her eit indre motiv for pågåande læringsprosessar.

Sjølvkritisk og argumenterande teksttolking utgjer eit viktig innslag i opplysningsprosjektet – som ikkje berre omfattar årsaksforklarande naturvitenskap, men også tolkande vitskapar, slik som teologi og rettsvitenskap. Derfor er det ein indre tildriv i dei tre monoteistiske religionane i retning av opplysning og intellektuell modernisering.

- (b) Desse tre monoteistiske religionane reiser spesifikke gyldigheitskrav, om éin Gud, som skapar, lovgjevar og dommar.

Dermed er det eit indre behov for tilpassing til ulike **naturvitenskapar**, jf pkt (iii) ovanfor, og for tilpassing til **samfunnsvitenskapar og psykologi** (t.d. til det vi ut

frå sjølvkritisk forsking meiner å vite, t.d. om kvinner og menn og om god oppseding og barns utvikling).

Dessutan er det her **indre begrepsmessige utfordringar**, t.d. med omsyn til Gudsbegrepet, jf det vondes problems, og det latterleges problem: dersom Gud er allmektig, allgod, allvitande, er det eit problem med det radikalt vonde i verda; jf sjokket ved jordskjelvet i Lisboa i 1755. Gud er skapar og lovgjevar, dommar og den som straffar. Di strengare Gud (Jahvé. Allah) blir fatta, di meir utfordrande blir spørsmålet om Gud verkeleg kan oppfattast som ein god Gud, og ikkje snarare ein brutal tyrann. Spissformulert: kan mono-teismen oppfattast og praktiserast som ein mono-satanisme? I så fall, fortener ein slik religion spesiell respekt og spesielle rettar? Her er behov for teologi; og her er det fare for ufrivillig blasfemi, nettopp hos dei som er nidkjære (og uopplyste) og som oppfattar seg sjølve som berarar av den sanne tru.

(c) I tråd med det som er sagt ovanfor om teksttolking og gyldigheitskrav: tradisjonelle og skriftsbaserte **normer** om livsførsel og samfunnsliv, **må tilpassast moderne samfunn**. Av historiske grunnar er mangt manglar og mangt som er utdatert i desse skriftene, jf t.d. mangelen på omtale av moderne institusjonell differensiering og moderne teknologi, versus omtalen av uaktuelle tema, slik som behandling av slavinner.

## V

Av dette følgjer ein klar konklusjon: Det er behov for ei **"modernisering av medvitet"** (jf Habermas), kort sagt, eit behov for:

- 1) **ein sjølvkritisk religionskritikk, og tilsvarande rasjonalitetskritikk (vitskapskritikk)**
- 2) **ei refleksive anerkjenning av dei andre og av deira tru og overtydingar**
- 3) **eit institusjonelt skilje mellom politikk/rettsvesen og religion.**

Ein merknad til punkt to: Det å respektere den andre, inneber at vi ikkje bør behandle den andre slik vi behandla Knut Hamsun etter krigen, det vil seie, som om dei har

”varig svekte sjelsevner”. Slik behandling representerer ikkje ei likeverdig anerkjenning, men ein paternalistisk reduksjon av den andres status som ansvarleg og myndig menneske.

Jf også skilnaden mellom dialog der ein går rundt grauten og ikkje stiller viktige kritiske spørsmål, og sakleg diskusjon, der deltarane gjensidig søker betre argument. Og jf skilnaden mellom sakleg diskusjon og konfliktorientert konfrontasjon der deltarane prøver å ”ta” kvarandre.

## VI

Så, til slutt, spørsmålet: **Kvífor religionskritikk, og korleis?**

Korleis bør vi gjere det, i praksis? I utgangspunktet vil eg seie det slik: Ut frå praksis! Og dermed på ulikt vis overfor ulike aldersgrupper, ulike situasjoner, ulike individ med ulik bakgrunn. Kort sagt, den som sjølv underviser, er den som veit best.

Men tentativt vil eg seie dette, for undervisning og lærebøker, med tanke på religionskritikk:

- i) ein bør undervise i dei tre monoteistiske religionane **parallelt** (jf artikkelen i Kirke og kultur 2/2010, s. 4 nedanfor); dette kan lette den religionskritiske undervisninga (jf pkt (iii) nedanfor)
- ii) i undervisninga bør ein **ta inn** personar frå ulike trusretningar, men også folk med ulike **faglege** perspektiv (jf pkt (iv) nedanfor)
- iii) i lærebøker (jf pkt (i) ovanfor) bør lærebokforfattarane presentere **dei tre monoteistiske religionane parallelt** og samanliknande med omsyn til religionskritikk, t.d. det vondes og det latterleges problem, som i prinsippet er felles for alle tre, og samtidig framheve spesielle utfordringar ved ulike versjonar av kvar av dei tre; og illustrere ved konkrete eksempel

- iv) i lærebøker (jf pkt (ii) ovanfor) bør ikkje berre religionsvitenskaplege (sosialantropologiske) perspektiv inngå, **men også historiske og vitskapsteoretiske perspektiv**, der ein tar omsyn til erkjenningsteoretisk og institusjonell modernisering (jf ”modernisering av medvitet”, som sjølvkritisk læringsprosess på bakgrunn av institusjonelle differensieringar; ”å vere moderne” er då ikkje det same som ”å leve i dag”)
  
- v) dessutan, i lærebøker (og i læreplanar) bør ein **begrense mengda av religionsvitenskapsleg informasjon på detaljnivå!** (Jf kraftsatsen: ”drep meg, herre konge, men ikkje med graut”.) Ein bør konsentrere framstillinga om det viktige, **det skilsetjande**. Vi får ikkje meir på ei literflaske sjølv om vi set henne under Niagara.

## VII

For å samanfatte:

(i) Utgangspunkt

**”Religion” er ikkje lenger eit eintydig fenomen.**

Det krevst presisering.

**Det er ikkje lenger sjølvsagt at ”religion” er av det gode.**

Det krevst normativ grunngjeving i kvart tilfelle.

(ii) Målsetjing

**Religionskritikk som lutring,**

ikkje som negativ avvising.

**Religionskritikk som modernisering av medvitet,**

ikkje innlæring av likt og ulikt om alt det som folk har gjort og tenkt i religionens namn;

kort sagt, det vondes problem og moderne teologiske utfordringar er viktigare enn buksene til sikhane eller påskeskikkar hos ortodokse jødar.

## VIII

Utfyllande litteratur for dei som vil kikke meg i korta:

*Nihilisme?* 1958

*Den filosofiske uroa*, 2005

*Filosofihistorie* (Skirbekk/Gilje), siste utgåve 2007

*Norsk og moderne*, 2010

”Behovet for ei modernisering av medvitet og dermed for sjølvkritisk rasjonalitetskritikk og religionskritikk”. Artikkel i *Religion og kultur* (red. Bringeland et al.), 2009

”Å tale om Gud i lys av det vondes og det latterleges problem. Om behovet for teologi og faren for ufrivillig blasfemi”. Artikkel i *Kirke og kultur*, 2/2010

”Islamic Future in Europe?”, innlegg på Norsk-libanesisk kulturveke i Beirut, 10.04.2011

Artiklane finst på heimesida mi.